



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 29.08.2023 kl. 17:15-20:11

**Stad:** ASKVOLL

### Møtande medlemmer og varamedlemmer:

|                         |   |
|-------------------------|---|
| Jostein Gryte           | Leiar (Ikkje til stades i sakene SR 2023/39 og 40)      |
| Wenche Ness Gabrielsen  | Nestleiar   |
| Lillian Gjervik         | Medlem  |
| Tommy Erdal             | Medlem  |
| Solfrid Løvik Hellevang | Medlem  |
| Karen Anny Espedal      | Medlem  |
| Terje Mork              | Medlem (Ikkje til stades i sakene SR 2023/38, 41 og 42) |
| Jarle Magnus Vilnes     | Medlem  |
| Aud Kari Steinsland     | Varamedlem (Berre til stades i sak FR 2023/36)          |
| Ingvild Loftheim        | Varamedlem  |

### Møtande frå administrasjonen:

|             |             |
|-------------|-------------|
| Rune Ziener | Kyrkjeverje |
|-------------|-------------|

### Forfall:

|                          |        |
|--------------------------|--------|
| Bjørn Arne Mjåseth       | Medlem |
| Kristin Rivedal Yndestad | Medlem |
| Arnt Johny Langeland     | Medlem |
| Ole Kistrup Vilnes       | Medlem |

### Saker handsama på møtet:

| Saksnr     | Uoff | Tittel  | Sakshandsamar |
|------------|------|---|---------------|
| SR 2023/33 |      | Godkjenning av innkalling og dagsorden                                | RUNE ZIENER   |
| SR 2023/34 |      | Godkjenning protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 15.05.2023          | RUNE ZIENER   |
| SR 2023/35 |      | Skriv, meldingar og drøftingar  | RUNE ZIENER   |
| FR 2023/36 |      | Avtale om graving   | RUNE ZIENER   |
| SR 2023/37 |      | Kyrkjevalet 2023. Plan for vidare organisering                        | RUNE ZIENER   |
| SR 2023/38 |      | Kyrkjevalet 2023. Oppnemning av stemmestyrer.                         | RUNE ZIENER   |
| SR 2023/39 |      | Kyrkjevalet 2023. Godtgjersle i samband med kyrkjevalet og valbudsjet | RUNE ZIENER   |
| SR 2023/40 |      | Justering av trusopplæringsplanen for soknet                          | RUNE ZIENER   |
| SR 2023/41 |      | Soknet si satsing på barn og unge                                     | RUNE ZIENER   |
| SR 2023/42 |      | Offerlister 2023  | RUNE ZIENER   |

Askvoll, 29.08.2023

Rune Ziener  
referent

---

## SR 2023/33 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### UTGREIING

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

---

## SR 2023/34 Godkjenning protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 15.05.2023

### UTGREIING

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 15.05.2023.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 15.05.2023.

---

## SR 2023/35 Skriv, meldingar og drøftingar

### UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 20/23 Trusopplæringsutvalet: Møtereferat 24.05.2023

M 21/23 Vidare oppfølging av 350-årsjubileet for Vilnes kyrkje i 2024 (jf. M-sak 2022/27)

M 22/23 Drøfting om integrering av ukrainske flyktningar

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med slik presisering til m-sak 21/23:

*Soknerådet sitt arbeidsutval knytter til seg Jarle Magnus Vilnes og Lillian Oddekalv Gjervik som førebels jubileumskomite, som stakar ut ein kurs for vegen vidare.*

---

## FR 2023/36 Avtale om graving

### UTGREIING

Gjeldande kontrakt for graving av graver på dei 8 gravplassane i Askvoll kommune er sagt opp frå 1. september, og det er i sommar utlyst ny tilbodskonkurransse på 3-årig kontrakt på arbeidet.

Utløsing har stått annonsert som kunngjering i Firda, artikkel på soknet sine heimesider og annonse i Kyrkjebladet for Askvoll. I tillegg har det vore lenka til tilbodskonkurransen på Kyrkja i Askvoll si Facebook-side.

Tilbudsfristen var sett til 20. august, og ein har motteke tre tilbod innan fristen. Ein har ønska oppgitt både fastpris pr. grav samt timepris på arbeid (inkl. utstyr) og timepris på frakt og transport for å få mest mogleg samanliknbare tilbod.

Det er lagt til grunn gjennomsnittleg gravleggingstal pr. gravplass i kommunen basert på siste fire års statistikk. Då to av tilbydarane har teke atterhald om tilleggsfakturering ved uforutsette forhold/oppgåver knytt til graving som ikkje er beskrive i tilbodsdocumentet er det lagt inn eit stipulert timetal på 36 timar pr. år under uforutsett-posten for å få samanliknbare tilbod.

Grunna omsynet til forretningshemmelegheiter er konkret prising (prissamansetning) ikkje offentleggjort, men vil verte lagt fram for soknerådet under handsaming av saka. Berre estimert årleg kontraktsverdi er oppgjeve her.

Innkome tilbod gir eit slik årleg estimat:

| Firma/tilbydar               | Estimert årskostnad eks. MVA |
|------------------------------|------------------------------|
| Deg Anlegg AS                | 263 400,-                    |
| Grimelid Maskin og Transport | 369 200,-                    |
| Grunnfjell AS                | 540 000,-                    |

Med berekna kontraktsverdi under nasjonal terskelverdi for offentlege anskaffelser er forskriften sin del 1 følgt.

Enkeltanskaffelser med verdi overstigande kr 100.000,- krev etter Askvoll sokneråd sitt økonomireglement § 3-3.

### INNSTILLING

1. Tilbodet frå Deg Anlegg AS framstår som det mest økonomisk fordelaktige tilbodet for soknet, og Askvoll sokneråd tildeler Deg Anlegg 3-årig kontrakt på arbeidet med graving av graver i kommunen.

### MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Tilbodet frå Deg Anlegg AS framstår som det mest økonomisk fordelaktige tilbodet for soknet, og Askvoll sokneråd tildeler Deg Anlegg 3-årig kontrakt på arbeidet med graving av graver i kommunen.

---

## SR 2023/37 Kyrkjevalet 2023. Plan for vidare organisering

### UTGREIING

#### Fredag 8. september

Førehandsstemminga (på papir) vert avslutta fredag 8. september. For Askvoll sin del vil likevel siste dag med førehandsstemming tysdag 5. september.

Fredag 8. september vil det vere mogleg å skrive ut valmanntal (det er låst for utskrift før denne datoen pga. ordninga med digital førehandsstemming, der veljarane som har stemt digitalt vil vere ferdig avkryssa i manntalet).

Det er å tilrå at alle valførebuingar vert gjort ferdige denne dagen med følgjande:

- 1) I forkant av lokalt valkurs vert alle forhåndsstemmegjevingar prøvd. Valstyret bør gi fullmakt til 2-3 personer til å foreta denne prøvinga av kurante førehandsavstemmingar.
- 2) Kyrkjeverja har lokal valopplæring for valstyret (soknerådet) og stemmestyra kl 1700.
- 3) Alt valmaterieil som skal ut i valglokala vert delt ut. Komplett valgmaterieil kan ikke utleverast før prøving av forhåndsstemmene er foretatt.

#### Valdagane søndag 10. og mandag 11. september

Askvoll stemmekrins har valdag søndag 10. september. Ein må finne ei løysing for sikker oppbevaring av alt valmaterieilet mellom søndagen og mandagen (t.d. må ein undersøkje om materieilet kan haldast innelåst).

Valstyret (soknerådet) må være vedtaksført mandagen og bør møte kl 1800 til opptelling og valoppgjeret.

Soknet har éin disponibel plass i taxibåten som vert sett opp frå Bulandet/Værlandet for å frakte valurnene til Askvoll. Her bør ein prøve å få to plassar med tanke på krav til sikker frakt.

### INNSTILLING

1. Prøving av førehandsstemmegjevingar skjer på kyrkjekontoret fredag 8. september kl. 16.00. Wenche Ness Gabrielsen og kyrkjeverja har fullmakt til å føreta denne prøvinga.
2. Opplæring av valstyre og stemmestyre (lokalt valkurs) vert sett opp fredag 8. september kl 17.00.
3. Soknerådet møter til valoppgjer på Askvoll kyrkjekontor 11. september kl. 18.00.

### MØTEHANDSAMING

#### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Prøving av førehandsstemmegjevingar skjer på kyrkjekontoret fredag 8. september kl. 16.00. Wenche Ness Gabrielsen og kyrkjeverja har fullmakt til å føreta denne prøvinga.
2. Opplæring av valstyre og stemmestyre (lokalt valkurs) vert sett opp fredag 8. september kl 17.00.
3. Soknerådet møter til valoppgjer på Askvoll kyrkjekontor 11. september kl. 18.00.

## SR 2023/38 Kyrkjevalet 2023. Oppnemning av stemmestyre.

### UTGREIING

Det skal vere eit stemmestyre for kvar av dei seks stemmekrinsane i soknet. Valstyret (soknerådet) oppnemner desse. Etter valreglene skal det vere minst to stemmemottakarar til stades.

Det er likevel å tilrå at minst tre valfunksjonærer er til stades i lokalet samtidig; To som tek imot stemmer samt ein ekstra til stades, slik at ein kan ta pauser etc. og som kan rettleie veljarane.

I krinsane Askvoll og Holmedal bør det vere to "arbeidslag" grunna lang opningstid i vallokala.

Det er også viktig at ein har eit varamedlem pr. stemmestyre slik at dei kan tre inn ved eventuelt behov. Kyrkjeverja vil prøve å ha fleire aktuelle namn til stemmestyra klare på møtedagen 29. august, då ein framleis manglar mange personar som har sagt seg villig til å vere med i stemmestyra, men førebels har desse sagt seg villige til å vere med i stemmestyra:

| Krins                 | Kl           | Sagt JA   |
|-----------------------|--------------|---|
| Bulandet og Værlandet | 13:00- 18:00 | - Synnøve Melvær (leiar)<br>- Reidun M Norheim<br>- Audun Oddekalv<br>(-)   |
| Atløy                 | 13:00- 18:00 | - Oddgunn K Grane (leiar)<br>- Jarle Magnus Vilnes<br>- Jostein Grane<br>(-) Lillian Oddekalv Gjervik (vara)  |
| Askvoll (søndag)      | 15:00-19:00  | - Wenche Ness Gabrielsen<br>- Ingvild Loftheim<br>- Liv Hushagen<br>(-)   |
| Askvoll               | 09:00- 19:00 | - Arnt Johny Langeland (leiar)<br>- Ragnhild Holmelid<br>- Ingvar Solheim (kl 0900-1715)<br>(-)<br>- Aud Frøholm (kl 1715-1900)<br>- Ingvild Loftheim<br>-<br>(-) |
| Holmedal              | 09:00- 18:00 | - Marit Veberg Ask (leiar)<br>- Jorunn Bull   |

|              |              |  |
|--------------|--------------|--|
|              |              | - John Lien<br>(-)<br>- Ellen Marie Tveit (leiar)<br>- Karen Espedal<br>- Terje Mork<br>(-)              |
| Stongfjorden | 13:00- 18:00 | - Lasse Vie (leiar)<br>- Anita Mjåseth (15:00-18:00)<br>-<br>(-)   |
| Gjelsvik     | 13:00- 18:00 | - Marit Leknes Gryte (leiar)<br>- Egil Helge Tjønneland<br>- Sigrid Lunde<br>(-) Ingvill Bruflot Kvammen |

## INNSTILLING

1. Valstyret i Askvoll sokn oppnemner stemmestyre for kvar av stemmekrinsene slik det går fram av tabellen over, samt dei namna som vert lagt fram i møtet.

## MØTEHANDSAMING

Forslag om nytt pkt. 2 sett fram i møtet av Jostein Gryte:

*Leiar i valstyret har fullmakt til å komplettere stemmestyra.*

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Valstyret i Askvoll sokn oppnemner stemmestyre for kvar av stemmekrinsene slik det går fram av tabellen over, samt dei namna som vert lagt fram i møtet.

2. Leiar i valstyret har fullmakt til å komplettere stemmestyra.

---

## **SR 2023/39 Kyrkjevalet 2023. Godtgjersle i samband med kyrkjevalet og valbudsjet**

### **UTGREIING**

Det vert ytt eit direktetilskot til frå Kyrkjerådet til dei dei kyrkjelege fellesråda for å gjennomføre kyrkjevalet i 2023. Askvoll sokn har motteke kr 26.881,- i tilskot.

Det er forutsett at tilskotet skal nyttast til utgifter i samband med valet. I hovudsak er dette utgifter til:

- godtgjersle og reiseutgifter til valmedarbeidarar
- reiseutgifter for valmedarbeidarar
- materiell
- informasjon

Unytta midlar kan krevjast tilbakebetalt til Kyrkjerådet.

Hovuddelen av utgiftene til valet er vanlegvis godtgjersle til valmedarbeidarane. Soknerådet må fatte vedtak om kva refusjons- og godtgjerslesatsar ein skal nytte. Så langt det passar, kan ein gjerne nytte det ordinære regulativet for godtgjersle til folkevalde i soknet.

Aktuelle satsar her er:

- møtegodtgjersle kr 421,59 pr. møte
- reiseutgifter
- refusjon for tapt arbeidsforteneste med inntil kr 2.400,- pr. dag/ kr 320,- pr.time

Stemmemottakarar under førehandsstemminga:

Dei som ikkje mottek ordinær lønn for stemmemottak under førehandsstemminga bør kunne få møtegodtgjersle.

Valstyret:

Valstyret skal samlast til opptelling og valoppgjær på kveldstid etter valet. Valstyret skal vere vedtaksført, så minimum seks medlemmer må stille.

Stemmestyra:

Dei fleste som er spurte om å vere med i stemmestyra vil ikkje ha krav på refusjon for tapt arbeidsforteneste, så slike kostnader vil vere begrensa. I alle høve bør dei i stemmestyra som ikkje har krav på refusjon få ordinær møtegodtgjersle. I tillegg bør ein yte reisegodtgjersle etter ordinære satsar til alle som medverker ved kyrkjevalet.

Eit estimat for godtgjersle til valmedarbeidarane vil kunne vere:

| <b>Funksjon</b>          | <b>Tal oppmøte</b> | <b>Sats</b> | <b>Kostnad</b>  |
|--------------------------|--------------------|-------------|-----------------|
| Mottak førehandsstemmer  | 5                  | 421,59      | 2107,95         |
| Deltaking stemmestyre    | 27                 | 421,59      | 11382,93        |
| Valstyret ved valoppgjer | 10                 | 421,59      | 4215,90         |
| <b>Totalsum</b>          |                    |             | <b>17706,78</b> |

Forslag til valbudsjett

|  |               |
|--|---------------|
| <b>Utgifter:</b>   |               |
| Materiell  | 3 000         |
| Annonsering*   | 38 000        |
| Godtgjersle/tapt arbeidsforteneste                         | 17 500        |
| Reiseutgifter  | 2 000         |
| Servering  | 2 000         |
| <b>Sum utgift</b>  | <b>62 500</b> |
| <b>Inntekter:</b>  |               |
| Tilskot Dnk  | 27 000        |
| Refusjon fra Bispedømmerrådet (valinnstikk)                | 4 500         |
| Refusjonar fra fellesråda i prostiet for fellesannonsering | 31 000        |
| <b>Sum inntekt</b>   | <b>62 500</b> |
| Differanse   | 0             |

\* Askvoll har koordinert arbeidet med felles valannonsering i prostiet og har vore fakturamottakar, og derfor er utgifter og refusjonar så høge.

## INNSTILLING

1. Valstyret får ordinær møtegodtgjersle for oppmøte i samband med valoppgjeret 11. september finansiert med tilskotsmidlar til kyrkjevalet.
2. Medlemmer av stemmestyra og valfunksjonærar ved førehandsstemminga får kompensert for tapt arbeidsforteneste etter gjeldande reglement for soknet.
3. Medlemmer av stemmestyra og funksjonærar ved førehandsstemminga, som ikkje kvalifiserer for refusjon for tapt arbeidsforteneste, får ordinær møtegodtgjersle etter gjeldande reglement for soknet.
4. Alle valmedarbeidarar får dekka reiseutgifter i samsvar med gjeldande reglement for soknet.
5. Inntekter og utgifter knytt til valet vert innarbeidd i budsjett for 2023.

## MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTSES VEDTAK

1. Valstyret får ordinær møtegodtgjersle for oppmøte i samband med valoppgjeret 11. september finansiert med tilskotsmidlar til kyrkjevalet.
2. Medlemmer av stemmestyra og valfunksjonærar ved førehandsstemminga får kompensert for tapt arbeidsforteneste etter gjeldande reglement for soknet.
3. Medlemmer av stemmestyra og funksjonærar ved førehandsstemminga, som ikkje kvalifiserer for refusjon for tapt arbeidsforteneste, får ordinær møtegodtgjersle etter gjeldande reglement for soknet.
4. Alle valmedarbeidarar får dekka reiseutgifter i samsvar med gjeldande reglement for soknet.
5. Inntekter og utgifter knytt til valet vert innarbeidd i budsjett for 2023



---

## SR 2023/40 Justering av trusopplæringsplanen for soknet

### UTGREIING

Trusopplæringsutvalet har hatt møte 24. mai og har føreslege nokre justeringar i planen, samt lagt til eit nytt tiltak (Dueslepp) for dåpsbarn og dåpsforeldre.

Askvoll sokneråd vedtek trusopplæringsplan for soknet og bispedømmerådet skal godkjenne denne.

Forslag til justert plan (berre tiltak med endringar) ligg ved. Rød tekst er ny og gjennomstrekta tekst er strykningar.

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner justeringar i trusopplæringsplanen i samsvar med forslaget frå trusopplæringsutvalet.
2. Justert plan vert oversendt Bjørgvin bispedømmeråd, som eventuelt kan komme med merknader før godkjenning.

### MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner justeringar i trusopplæringsplanen i samsvar med forslaget frå trusopplæringsutvalet.
2. Justert plan vert oversendt Bjørgvin bispedømmeråd, som eventuelt kan komme med merknader før godkjenning.

---

## SR 2023/41 Soknet si satsing på barn og unge

### UTGREIING

Det vert vist til vedlagte skriv til soknerådet frå leiar i trusopplæringsutvalet, Sigrid Lunde, datert 27.06.2023, der ein etter møte i utvalet etterspør

*«tilbakemelding og informasjon frå soknerådet om status i satsinga på barn og ungdom, på «Fast gjevarteneste» og vidareføring av kyrkjelydspedagogstillinga og arbeidsoppgåvene som ligg i den vedtekne TOL-planen».*

Kyrkjeverja har utarbeidd eit notat som kan fungere som ei første tilbakemelding til utvalet og grunnlag for vidare drøftingar, men ein må nok legge til grunn at i ei tid med uvisse knytt til status for pedagogstillinga i Askvoll, at råd, utval og tilsette i større grad enn tidlegare må satse på auka samarbeid og legge opp til felles strategiarbeid for at ein i Askvoll skal ha ei levande trusopplæring for barn og unge i soknet.

#### **Pedagogstillinga i dag:**

Denne har vore vakant sidan medio august 2023, og det er ikkje føreteke ny utlysing av stillinga.

Det vart orientert i soknerådet sitt maimøte om at stillinga ville verte vakant på seinsommaren, men det vart ikkje etter drøftingar i møtet konkludert i vedtaks form korleis soknerådet ser for seg denne stillinga ved ny utlysing.

Det er ei kjent sak at ein på landsbasis har rekrutteringsutfordringar i denne typen stillingar (og i Askvoll var det vakanse i om lag fire år før førre pedagog Guri Høstaker Nordheim tok til i stillinga.

Ein ser og at auken frå 40% til 50% stilling som vart bestemt for ein del år sidan har ført til ei viss underfinansiering, då trusopplæringstilskotet frå det nasjonale rettssubjektet ikkje reflekterer lønns- og kostnadsutviklinga i samfunnet elles.

#### **Fast gjevarteneste:**

Til ein viss grad har soknerådet søkt å kompensere for denne manglande tilskotsutviklinga med å etablere ei fast gjevarteneste (etter oppmoding frå biskopen etter visitasen i 2022). Ein fekk etablert denne i mai 2023 med førebels årleg innsamlingsmål på kr 50.000,-.

Pr. i dag ligg det inne fire faste gjevarar (der ein gjerne burde hatt om lag 25 stk.), og saldo er kr 3.200,-. Ein har såleis eit godt stykke veg å gå med profilerings- og kommunikasjonsarbeid før ein evt. er i mål med dette innsamlingsarbeidet.

#### **Pedagogstillinga framover:**

Det er sjølvsagt avgjerande at ein har folk på plass i stillinga for å ha ei velfungerande trusopplæring.

Likevel bør ein kunne ha ei drøfting på korleis ein best kan organisere stillinga og arbeidet med omsyn til heilskapen.

Nokre alternativ kan utpeike seg:

1) Vidareføring av ordninga med ein person i stillinga. Dette vil vere med å sikre einskap og heilskap i arbeidet. To moment gir likevel ei utfordring her, både rekrutteringsomsynet og moglege finansieringsutfordringar. Om ein reduserer stillingsprosenten til t.d. 40% vil dette kunne føre til større rekrutteringsutfordringar.

2) Vidareføre ordninga med ein person i stillinga, men søkje samarbeid med omkringliggjande fellesråd, t.d. Fjaler som også har vakanse i stillinga for tida. Ei slik modell vil føre til ei meir robust stilling, betre tilrettelagt for utvikling av kompetanse. Vonleg vil rekruttering til ei slik stilling vere lettare.

3) Splitte opp stillinga og utvide eksisterande stillingar (t.d. med trusopplæringsadministrasjon og utviding av andre utøvande stillingar). Så lenge ei slik utviding er relevant og interessant vil rekrutteringsaspektet truleg vere uproblematisk. Ein vil ha høve til å tilpasse stillingsstorleik til tilgjengelege ressursar og tilrettelegge for meir robuste og attraktive stillingar i soknet totalt sett. Ein fare meg å velje ein slik modell kan vere at ein misser heilskap og progresjon i arbeidet og at ein kan få ein situasjon der arbeidet framstår meir fragmentarisk.

Soknerådet må snarast komme opp med ein føretrukke organiseringsmodell for trusopplæringsstillinga, så ein kan få folk tilsett her snarast.

### **Status for trusopplæringsarbeidet i dag og i nær tid framover**

Før ein får på plass tilsett(e) i stillinga vil trusopplæringa gå føre seg på eit lågare nivå enn tidlegare. Kanskje må ein halde seg på eit «minimumsnivå» der i hovudsak tiltak knytt til gudstenester vert gjennomførte.

Ein vil ut over hausten gjennomføre t.d. tiltak med bokutdelingar etc. i hovudsak av soknepresten og andre med oppgåver i gudstenestene. Konfirmantopplegget og dåp vil også gå sin gang som normalt. Kirkerotteteateret er óg under planlegging med framstilling på nyåret. Vonleg vil ein og kunne gjere seg nytte av SAMAN-teamet også framover, og her er det vel etablert eit samarbeid på prostinivå. Soknepresten bør kunne utfordrast her til å vidareføre det etablerte samarbeidet.

Arbeidet med innkjøp av materiell, utarbeiding og utsending av invitasjonar og oppdatering av påmeldingsregistre etc. vil administrasjonen no framover ta som meirarbeid på timebasis, finansiert med trusopplæringsmidlar.

### **Samarbeid**

Det er ikkje realistisk at ein raskt får på plass ein ny pedagog med det aller første, og dette vil føre til at det kviler eit større ansvar og fleire oppgåver både på tilsette og frivillige enn normalt. For å løyse dei umiddelbare utfordringane med å halde viktige arbeidet oppe, krevst det truleg eit auka samarbeid og større frivilligressursar (t.d. auka bruk av trusopplæringsutvalet/kyrkjelydsutvala).

Slik sett er det svært positivt at trusopplæringsutvalet har initiert eit møte 13. september der også ny sokneprest deltek for å sjå på utfordringar og løysingar. Administrasjonen vil følgje opp dette med sakliste og innkalling. Møtestad det nye

kyrkjekontoret skal gå fint.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd nyttar kyrkjeverja sitt notat som ei første tilbakemelding og grunnlag for vidare drøfting.

## **MØTEHANDSAMING**

Justeringsforslag sett fram av Jostein Gryte i møtet:

Kyrkjeverja si innstilling med følgjande tillegg:

*samstundes som vi lyser ut stillinga som kyrkjelydspedagog i 50%.*

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd nyttar kyrkjeverja sitt notat som ei første tilbakemelding og grunnlag for vidare drøfting, samstundes som vi lyser ut stillinga som kyrkjelydspedagog i 50%.

---

## SR 2023/42 Offerlister 2023

### UTGREIING

Vedteke offerliste gjeld t.o.m. 20. september (for Askvoll kyrkje 8. oktober). Fastsett gudstenesteliste gjeld t.o.m. 8. oktober så langt kyrkjevevja kjenner til. Det er nokre «hol» i vedteke liste fram mot neste møtedato i soknerådet 10. oktober.

Kyrkjelydsutvala er oppmoda om å sette fram forslag til offerformål som vert lagt fram i møtet 29. august.

Vedteke plan:

| Kyrkje          | Dato       | Merknad             | Tid   | Offerformål                        |
|-----------------|------------|---------------------|-------|------------------------------------|
| Kvammen kapell  | 03.09.2023 | Konf.pres./utdeling | 11:00 | Trusopplæring                      |
| Holmedal kyrkje | 03.09.2023 | Konf.pres./utdeling | 15:00 | Yngres                             |
| Bulandet kapell | 10.09.2023 | Konf.pres./utdeling | 10:15 | Bulandet kapell                    |
| Askvoll kyrkje  | 17.09.2023 |                     | 11:00 | <b>Kyrkjelydsarbeid</b>            |
| Vilnes kyrkje   | 17.09.2023 |                     | 13:30 | Trusopplæring                      |
| Kvammen kapell  | 01.10.2023 |                     | 19:00 | TV-aksjonen. Redd Barna            |
| Askvoll kyrkje  | 08.10.2023 |                     | 11:00 | <b>KFUM/KFUK Sogn og Fjordande</b> |

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerlista slik den ligg føre.

### MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerlista slik den ligg føre.